

TREÅRSMELDING 2022 – 2024

Medlemstalet har vore slik i perioden:

2022: **279**

2023: **230**

2024: **223**

Desse tala omfattar både individuelle medlemmer og institusjonar. Pr. 23.09.2024 er talet på individuelle medlemmer **176**.

Styret har i perioden hatt denne samansetjinga:

Leiar: Terje Larsen

Nestleiar: Anne Svanevik

Styremedlemmer: Gunnstein Akselberg (varamedlem Gudmund Harildstad), Ellen Marie Lund (varamedlem Frode Myrheim), Nikoline Deli (varamedlem Karsten Lien).

Styret har hatt fem styremøte: 04.04.2022, 18.04.2023, 26.10.2023, 21.03.2024 og 11.10.2024. I tillegg har styret hatt kontakt gjennom e-post.

Saker

- Styret har revidert vedtektene, og nytt framlegg blir lagt fram på landsmøtet.
- Namnelaget v/leiareren sende ei grundig høyringsfråsegn til Språkrådet om revisjonen av dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn. Dei fleste av merknadene vart det teke omsyn til. Sidan ingen i styret har kompetanse i kvensk, viste Namnelaget til fråsegner frå kvensk fagmiljø når det gjaldt framlegget til utfyllande reglar om skrivemåten av kvenske stadnamn.
- Namnelaget har teke kontakt med Riksarkivet for å få lagt Ryghs samlingar til Noregs dokumentarv. Dette er eit register over unike dokument som på kvar sin måte representerer viktige personar eller hendingar i historia vår. Noregs dokumentarv er den norske delen av Memory of the World-registeret til UNESCO (MoW), som utgjer verdas dokumentarv.
- Personnamnlova var 100 år i 2023. Dette vart markert med eit ope seminar 11. april 2024 på Bergen Offentlege Bibliotek med tittelen *Den norske personnamnlova 1923–2023 – 100 år med markering av kjønn*. Gunnstein Akselberg hadde eit innlegg på seminaret, der han presenterte Norsk namnelag.
- I samband med landsmøtet 28. november 2024 har styret i Namnelaget teke initiativ til ei dugnadsgruppe på det 20. møte om norsk språk (MONS). Dugnadsgruppa vil ha åtte innlegg, og temaet er: *Framtidas namnevitenskap: Nye perspektiv og samfunnsrelevans*.

- Styret har starta arbeidet med å oppdatere og fornye nettsida, sjå punktet om nettsida nedanfor.
- Namnelaget støtta utgjevinga av *Ivar Utne og personnavna. Venneskrift til Ivar Utne på 70-årsdagen 22. februar 2024* med 5000 kroner.

Økonomi

Namnelaget har no to åtskilde økonomiar: 1) To konti Nordea bank og 2) Behaldning i Novus forlag. Det er Novus forlag som står for kontingentinnkrevjinga og utgjevinga av Namn og nemne, medan utgiftene til trykkinga av Nytt om namn, nettstaden o.a. går frå Nordea.

Etter at trykkestøtta frå Forskingsrådet til utgjevinga av Namn og nemne opphøyrd frå og med nr. 33 (2016), samstundes som medlemstalet har gått kraftig ned, har økonomien vore anstrengt. Frå 2024 og tre år framover har Namn og nemne fått trykkestøtte på 105 000 kroner pr. år i tre år frå *Norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap*, og dette har ført til at økonomien er bra dei nærmaste åra, men laget må arbeide for å bygge opp kapitalen.

Namn og nemne

I denne perioden har Namn og nemne kome ut med tre nummer: Namn og nemne 38 – 2021 (186 sider), Namn og nemne 39 – 2022 (236 sider) og Namn og nemne 40 – 2023 (157 sider). Redaktørar for årgangen 38 var Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. Redaktørar for årgangane 39 og 40 har vore Ivar Berg og Tor Erik Jenstad. Heile årgang 39 (2022) byggjer på konferansen *Stadnamn – språk, historie og landskap. Namnevitenskapen i går, i dag, i morgon*, som vart halden i Bergen 27.–28. oktober 2021 i høve 100-årsjubileet for Norsk stadnamnarkiv.

Alle årgangane er no allment tilgjengelege på Nettbiblioteket/Nasjonalt biblioteket. Årgangane 2002–2014 og innhaldslista for årgangane før 2002 og årgangane 2015, 2016 og 2017 ligg på heimesida. Årgangane frå og med 33 (2016) er også tilgjengelege på heimesida til Novus forlag, som tok over utgjevinga frå og med 35 (2018).

Som nemnt under økonomipunktet ovanfor, har tidsskriftet fått ei årleg støtte frå 2024 på 105 000 kroner i tre år frå *Norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap*.

Nytt om namn

I denne perioden har Nytt om namn kome ut med tre nummer: 71/72 – 2020/2021 (92 sider), 73/74 – 2022/2023 med rapport frå Fagdagen om stadnamn i Språkrådet 27. oktober 2022 (94 sider) og 75 – 2023 (78 sider). Botolv Helleland har vore redaktør, og hadde med seg Gudmund Harildstad og Terje Larsen i redaksjonen for 71/72 og Wen Ge og Terje Larsen i redaksjonen for 73/74 og 75. Nummera 71/72 og 73/74 har med ein namnebibliografi for året før. Alle årgangane er no allment tilgjengelege på Nettbiblioteket/Nasjonalt biblioteket.

Nettsida

Ellen Marie Lund Foldal tok over som nettredaktør etter landsmøtet 2021, men ønsker no avløyning. Heimesida har vorte oppdatert og utvida med ujamne mellomrom. Trass i oppmodingar til medlemmene om å senda inn stoff, skjer det i liten grad.

Som nemnt ovanfor, har styret begynt arbeidet med å oppdatere og fornye nettsida. Alt innhald er gjennomgått og ein del endringar er gjorde. Styret har sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med oppdateringa, og også sjå på ei eventuell digitalisering av *Nytt om namn*. Med i gruppa er Ingvil Nordland (leiar), Ellen Marie Lund Foldal (p.t. nettredaktør), Egil Sølvsberg, Wen Ge og Randi Melvær. Vi har også begynt å sende ut nyheitsbrev, men eit problem er at vi manglar e-postadresse til mange av medlemmene.

Facebook

Facebooksida til Namnelaget har i dag 24.10.2024 281 medlemmer. Aktiviteten er relativt stor, men det er enkelte som skriv meir enn andre.

Terje Larsen
leiar
terjelar1948@gmail.com